



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG


Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for bruksendring frå naust til bustad og oppføring av veg og garasje - Meland - 49/15 – Io.

Vi viser til brev frå kommunen datert 31.05.2019. Saka gjeld dispensasjon for bruksendring av naust/sjåbu til bustad, oppføring av veg, garasje.

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-formål i arealdelen av kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjø. Det er sett ei byggjegrænse mot sjø i kommuneplanen som tiltaket også er i strid med.



Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.



Det omsøkte område ligg heilt i sjøkanten og tiltaka krev vesentlege terrenginngrep. I strandsona skal ein ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Fylkesmannen si vurdering er at tilbygg, garasje og veg, i vesentleg grad, vil tilsidesette omsynet til landskapet i strandsona.

Etter det vi kan sjå er området til ei viss grad privatisert i dag. Ei bustad er likevel eit meir privatiserande element i strandsona enn ei sjøbu. Vi meiner på den bakgrunn at ei bruksendringa av sjøbua til bustadformål vil føre til ei auka privatisering. Fylkesmannen er kritisk til auka privatisering av strandsonene.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Åse Vaag
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent